

Øyvind Nordli  
på vegne av fleire  
Holmenkollveien 127 H  
N-0787 OSLO

Lesja, 16. juli 2013

Til NVE  
Saknummer 201000490

Tel. 90 63 69 65  
E-post: oeyvind.nordli@gmail.com

## Nei til vasskraftutbygging i Kvernåe

---

### Fråsegn frå:

Representantar (sjå liste) for alle gardane som ligg nærast Kvernåe på vestsida av Lågen, alle hytteeigarane i området og dei tre som driv naturbasert næring i området (turisme) går mot kraftutbygging i Kvernåe. Dessutan dei fleste som bur i grendelaget Strand, dvs. nær utlaupet til åa, men på andre sida av Lågen.

- Magda Dalum, Dalom
- Heidi Dalum, bur nær Dalom
- Eva Marit Nordlie, Haugen
- Arne Nordlie, bur nær Haugen
- Astrid Nordlie, bur nær Haugen
- Sigurd Nordlie, bur nær Haugen
- Jann Erik Dalum, Veslhaugen
- Odd Dalum, bur nær Veslhaugen
- Bjørn Johan Traasdahl, Søre Tråsådalen, driv Søre Traasdahl hyttetun
- Ole Traasdahl, Tråsådalen
- Jacop Traasdahl, bur nær Tråsådalen
- Ola Jo Botheim, driv Rolstad Camping
- Øyvind Nordli, hytte nær Kvernåe
- Brit Anne Botheim, hytte nær Veslhaugen
- Solveig Thorsplass, hytte nær Veslhaugen
- Lidvar Tranvåg, hytte nær Veslhaugen
- Oddbjørn Traasdahl, hytte ved Tråsådalen
- Espen Thoresen, driv Dovrefjell Hotell
- Inga Marie Brustuen, bur nær Brustugu
- Erna Bjørgemoen, bur nær Brustugu
- Magne Groven, bur nær Strandheim
- Odd Joramo, Evja
- Kristin Margret Brækken, Sørebrekka

## Økonomisk tap

Reguleringa fører til økonomisk tap ved at attraktiv natur går tapt for desse verksemdene:

- Søre Traasdahl hyttetun, satsar på naturinteresserte gjester, spesielt fugleinteresserte (kontakt Bjørn Johan Traasdahl)
- Dovrefjell Hotell i Dovre kommune, ligg berre 6 km frå Kvernåe naturområde som dermed er svært lett tilgjengeleg frå hotellet (kontakt Espen Thoresen)
- Rolstad Camping har tur- og fiskeinteresserte gjester (Anna og Ola Jo Botheim)

## Grunngjeving av økonomisk tap:

1. Kvernåe naturområdet er allereie i dag vel tilrettelagt ved eit nett av rydda stigar for turgåing med 62 vegvisingsskilt og 150-200 merke. Stigane med bruene/kloppene passerer åa under gilde fossar, og er såleis det beste trekk-plasteret for turar i området<sup>1</sup>.
2. Gyteplassar for fisk (spesielt harr) går tapt ovafor kraftverket, slik at ein kan risikere at fisket i Lågen blir dårlegare<sup>3</sup>.
3. Åa blir i periodar så og seia turlagt (minstevassføring  $0,03\text{m}^3/\text{s}$  om sommaren). Opplevings-verdien ved gange langsetter åa blir i praksis borte. Fiske i åa kan bli heilt øydelagt, også på grunn av risiko for botnfrysing med ei minstevassføring om vinteren på berre  $0,01\text{m}^3/\text{s}$ . (Området har Noregs mest kontinentale klima med lite nedbør haust, vinter og vår. Problemet med kjøving vart illustrert på synfaringa den 26. juni 2013 då det låg att is etter kjøving i ein bekk hausten/vinteren 2012/13 ).
4. Ein anleggsperiode over to år med sprenging av stein vil vera svært øydeleggjande for alt friluftsliv, med risiko for å øydeleggje for hekkande fuglar. Sprenging kan også bli til ulempe for jakt.

## Det særmerkte med dette området som gjer det spesielt verneverdig:

- Her finst doble terrassar<sup>2</sup> i dalsidene, ein svært brei 100-200 m (Nedre Floten) og ein litt høgre oppe som ikkje er fullt så brei (Øvre Floten). Desse formasjonane er interessante i geologisk samanheng, og det går ein debatt om korleis dei er danna. (Masteroppgåva<sup>2</sup> til Marit Svanborg dokumenterer den store interessa for området ved ei mengd litteraturtilvisingar, og hennar eigen oppgåve handlar nettopp om terrassane i dalsida.) I området finst også sær fine daudisgroper<sup>1</sup>.
- Langsetter nedre terasse finst merkte turvegar over flatt terreng som gjer det svært lettgått. Merkt stig langsetter åa er også lettgått, og det går også an å gå åfaret med dei to kløftene<sup>1</sup> om enn med noko meir møde.
- Store delar av lendet er derimot svært tungt å gå. Det har ført til at det har verna seg sjølv mot inngrep<sup>1</sup>.
- Vernet har ført til at dette er gode biotopar for rovfugl (ugler, falkar og kongeørn), og også anna fugl, som utlendingar reiser hit for å sjå<sup>3</sup>. (Rovfuglane hadde gilde oppvisningar av flygekunst under synfaringa 26. juni 2013). Her finst også jaktvilt som elg, rådyr, hjort og hare.
- I fylgje søknaden skal røyrgata gravast/sprengjast ned og revevegeterast naturleg. Dette gjev store inngrep i lendet ovafor Øvre Floten der landskapet for det meste er små berg (nesten frie for vegetasjon) og groper. Under synfaringa vart det klårlagt at her må terrenget tilpassast det nedgravne røyret og ikkje omvendt. Røyrgata blir dermed for alltid synleg i landskapet. Like ved inntaket i det som no er eit INON-område, blir det større inngrep for å få vassrøyret ut av åfaret. Her hindrar eit større berg naturleg fall på røyret.

- Raudlistearten strandsnipe kan bli borte.
- Området ligg nær og er lett tilgjengeleg frå den største tettstaden i Lesja og Dovre, Dombås, der det no blir satsa sterkt på hotell-utbygging.

## Konklusjon

*Kvernåe naturområde har kvalitetar som er ypparlege for turisme: merkte, lettgåtte stigar, men samstundes sjølvverna område utan skogsdrift, spesielt rikt fugleliv, INON-område, spennande lende i geologisk samanheng, og framfor alt ei fossande å, mellom anna gjennom to fjellkløfter. **Kraftutbygging bør difor ikkje skje.***

## Krav om utvida utale frå sakkunnige

Vi minner om at vi krev utale frå sakkunnige om skadeverknader ved reguleringa (særleg to år med sprenging) på fuglelivet<sup>3</sup> og ei vurdering av det unike ved geologien i området<sup>4</sup>. Desse tidlegare krava står ved lag.

## Lokalt engasjement

Målet med dette skrivet har ikkje vore å dokumentere generell motstand mot kraftutbygging i kommunane Lesja og Dovre (sjølv om den finst i rikt monn). Det vi vil vise og dokumentere, er den lokale motstanden mot utbygginga. Berre ein person frå kvar husstand, dvs. «kvar postkasse» er ført opp som forfattar av dette skrivet. Saman dokumenterer det massiv, lokal motstand mot utbygging då oppslutninga om denne fråsegna er nær 100 %.

## Notar:

<sup>1</sup> Nordli, Ø. 2013: Kvernåe naturområde i tekst og bilete

<http://skjema.nve.no/NVE-saksdokument/201000490-27-1287212.pdf>

<sup>2</sup> Svanborg M. 2012: Ei morfologisk undersøking av terrasseformer i Lesja, Nord-Gudbrandsdalen, Noreg. NTNU, geografisk institutt, masteroppgåve i geografi 84 pp.

<sup>3</sup> Traasdahl, B.J. 2013: Høringsuttale vedr. kraftutbygging i Kvernåi

<http://skjema.nve.no/NVE-saksdokument/201000490-24-1286292.PDF>

<sup>4</sup> Nordli Ø. med fleire. 2013: Kvernåe kraftverk – mangelfull søknad frå Grønnkraft A/S

<http://skjema.nve.no/NVE-saksdokument/201000490-27-1287211.pdf>